



# Kinn kommune

Ordfører

Helse Førde Hf  
Postboks 1000  
6807 Førde

**Vår ref.:**  
23/7445 - 23/46161 / BESO

**Dykkar ref.:**

**Dato:**  
09.11.2023

## Tilbakemelding til Helse Førde - Tilbod ved Sunnfjord Medisinske Senter i Florø

Kinn kommune ønskjer med dette å gje følgjande tilbakemeldingar til Helse Førde sine planer om å redusere/legge ned delar av dagens tilbod ved Sunnfjord Medisinske Senter i Florø.

### Bakgrunn

Sidan 2014 har Helse Førde sitt tilbod i Florø vore lokalisert ved Sunnfjord Medisinske Senter (SMS) i Florø. Følgjande avdelingar og poliklinikkar har per i dag eit tilbod; radiologisk avdeling, psykiatrisk poliklinikk, hud-, medisinsk- og smertepoliklinikk, livsmeistringsenteret og blodbank. Tidlegare har det også vore tilbod frå revmatologisk- og nevrologisk poliklinikk. I tillegg er ambulansetenesta lokalisert i SMS.

Helse Førde har informert kommuneleiinga i Kinn om at dei ovannemnde tilboda utan om psykiatrisk poliklinikk og blodbank er til vurdering for nedlegging grunna sparetiltak.

Følgjande er Kinn kommune si vurdering av konsekvens ved ei eventuelt endring av tilbodet til Helse Førde.

### Konsekvensar

Tilbodet til Helse Førde i Florø er samlokalisert med fleire kommunale og private helse- og omsorgstenester. I same bygg finn ein blant anna fastlegekontoret Legegruppa SMS, Florø legevakt, kommunal og privat fysioterapi, kommunale tenester som rus og psykiatri, PPT, helsestasjon, barnevern, augelege og kiropraktor. Der er også synssenter og apotek i same bygg. Over veggen for SMS finn ein kommunale bustader som er drifta av heimetenesta. I tillegg planlegg Kinn kommune ny sjukeheim kort gangavstand på tomta til det gamle sjukehuset.

### Samhandling

Når Helse Førde flytta inn i bygget 2014 var det oppstartsprosjekt «Samhandling under same tak» som la grunnlaget for fleire formelle og uformelle samhandlingsstrukturar. Dei ulike tenestene på SMS har siste 9 år også bidratt i fleire prosjekt for å fremje kvalitetsutvikling og samhandling med Helse Førde. Fastlegane i Florø har vore viktige bidragsytarar og drivarar på ulike samhandlingsarenaer saman med Helse Førde. Ved å legge ned tilbodet i Førde byggjer ein ned ein viktig etablert samhandlingsstruktur. Dette

**Adresse**  
Postboks 294, 6701  
MÅLØY

**Telefon**  
57 75 60  
00

**Org. nr**  
820 956  
532

**E-post**  
[post@kinn.kommune.no](mailto:post@kinn.kommune.no)

**Internett**  
[www.kinn.kommune.no](http://www.kinn.kommune.no)

kan i verste fall vere med på å undergrave vidare samhandling om Helsefelleskap og framtidige liknande prosjekt. For å møte dei felles utfordringane som kommunane og spesialisthelsetenesta har og får i framtida er samhandling essensielt. Legg ein opp til at utfordringane skal løysast kvar for seg vil dette blir svært krevjande og kostbart.

### **Radiologi**

Fastlegekontoret har 15 fastlegar og 2 LIS1 legar. Fastlegane og daglegevakta i Florø har til no kunne nytte røntgenbilete og dialog med radiolog/ortoped for raske avklaringar som til dømes skjelettskadar. Eit grovt estimat er at om lag 70 prosent av slike avklaringar fører til at pasientar ikkje treng å reise til skadepoliklinikken i Førde same dag. Legg ein ned det radiologiske tilbodet vil denne pasientgruppa måtte reise til sjukehuset i Førde for ei liknande avklaring. Dette vil føre til auka belastning for Helse Førde, auka reisekostnader og ein samfunnskostnad i forhold til tidsbruk for befolkninga.

Ved SMS er også Kinn kommune sin tuberkulosekontroll. I Florø er det ein stor del av bebuarane på asylmottaket, busette flyktningar og arbeidsinnvandrarar som treng tuberkulosekontroll. Framandspråklege flyktningar er ei sårbar gruppe som har behov for mykje tilrettelegging for å kunne gjennomføre både røntgenundersøking og blodprøvekontroll for tuberkulose. Begge desse undersøkingane blir no gjennomført i Florø. Legg Helse Førde ned sitt røntgentilbod vil denne gruppa måtte reise til sjukehuset i Førde for røntgen og blodprøve. Dette vil føre til auka belastning for Helse Førde, auka reisekostnader og ein auka sårbarheit i forhold til å få gjennomført kommunen si lovpålagte oppgåve.

### **Hudpoliklinikken**

Ved hudpoliklinikken på SMS blir det gjennomført lysbehandling. Dette er ei desentralisert behandling som for dei som treng den må gjennomførast 2-3 gonger i veka. Behandlinga tek nokre få minuttar. Når denne behandlingsforma er sentralisert går bruken betydeleg ned og pasientane vel heller å nytte kostbare medisinar som også har påverknad på immunforsvaret. Florø har om lag 10 000 innbyggjarar innanfor ein radius på 10 min køyretid. Det er derfor hensiktsmessig å oppretthalde eit desentralisert behandlingstilbod. Kinn kommune har vanskar for å forstå at nedlegging av hudpoliklinikken ved SMS er eit innsparingstiltak, men heller ei nedlegging av eit etablert behandlingstilbod.

### **Medisinsk poliklinikk**

Ved SMS er det etablert eit tilbod om infusjonsbehandling under medisinsk poliklinikk. Barneavdelinga har også nytta seg av dette tilbodet i Florø. Fastlegane har hatt samarbeid med Helse Førde om at dei skriv reseptar på til dømes revmatologisk behandling slikt at kostnaden for slik behandling i Helse Førde har vore lågare. Helse Førde informerer om at heimesjukehus skal kompensere for eit manglande infusjonsbehandlingstilbod ved SMS. Dette vil kunne gje eit redusert tilbod til pasientane då det vil føre til samtidskonfliktar i forhold til behandlingar som i enkelte tilfelle tek betydeleg tid å gjennomføre.

### **Generelt**

Kinn kommune er kritisk til at Helse Førde vel å ta ned eit tilbod utan det samtidig blir presentert reelle alternativ. Ein oppfattar at behandlingstilbodet til innbyggjarane i regionen blir dårlegare. Det er ikkje vurdert om kutt i tilbod medfører innsparing på lengre sikt. Vi kan ikkje sjå at Helse Førde har gjort samfunnsøkonomiske eller samfunnsmedisinske konsekvensvurderingar i forhold til dei kutta som no blir planlagt for.

### **Døme på spørsmål;**

- Korleis vil kutta påverke rekruttering og stabilisering av helsepersonell?

- Kva konsekvens vil det på sikt ha for regionen i forhold til forventa befolkningsutvikling?
- Kva konsekvensar vil kutta ha for næringslivet i regionen?

## **Konklusjon**

Eit ev. kutt i tenestetilbodet til Helse Førde ved SMS i Florø vil føre til auka belastning for pasientane som får lengre reiseveg, auka tidsbruk og eit redusert behandlingstilbod. Avstanden mellom fastlegetenesta og Helse Førde blir større, noko som kan påverke viljen til fastlegane til å bidra med konstruktive løysingar på felles problem. Helse Førde tek med dette også bort ei etablert samhandlingsflate mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Dette vil påverke og redusere moglegheitene for framtidig arbeid med Helsefellesskap og andre samhandlingsprosjekt.

Helsing

Bengt Solheim-Olsen  
ordfører

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*